



Erling Rosnes
Lurevegen 576
5912 SEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/10258 - 22/47387

Saksbehandlar:
Tone Furustøl
tone.furustol@alver.kommune.no

Dato:
20.06.2022

Melding om vedtak i Utval for areal, plan og miljø - gbnr 155/10 Monstad

Tiltak: Oppretting av ny grunneigedom
Byggjestad: Gbnr: 155/10
Tiltakshavar: Erling Rosnes
Ansvarleg søkjar: Seim Bygg AS

Klage på delegert vedtak i sak 21/10258 med saknr. 449/22, datert 22.04.2022, om avslag på søknad om dispensasjon frå plankravet for etablering av flytebyggje med landgang – gbnr 155/10 Monstad, vart handsama av Utval for areal, plan og miljø i møte den 15.06.2022, der følgjande vedtak vart fatta:

«APM- 094/22 Vedtak:

Med heimel i Plan- og bygningslova § 19-2 vert det gitt dispensasjon frå LNF-føremålet for frådelling av bustadtomt på om lag 950m².

Med heimel i pbl. §26-1, jf. §§20-1 bokstav m) og 20-2, jf. §20-4 bokstav d) vert det gitt løyve til frådelling av bustadtomt på om lag 950m² frå gbnr 155/10.

Grunngjeving:

Apm utvalet er positiv til søknaden, då me ynskjer at folk skal ha mulighet til å bu nær familien. Me ser at den eldre generasjonen kan vera til stor hjelp for den yngre generasjon når gardar skal overtakast. Me ynskjer at landbruksdrifta skal takast vare på og då treng me verkemidlar for at det skal vera overkommelig for den yngre generasjon å drive gard. Me kan ikkje kome dit hen at fleire av gardane i Alver kommune vert liggjande attgrodde fordi Statsforvaltar meiner at kommuneplanen ikkje legg opp til bustader i området. Me har nyleg vedtatt ein samfunnsplan i Alver Kommune der me ynskjer å ta heile kommunen i bruk. I denne saka ser Apm-utvalet at dette er i tråd med det me meiner er god bustadpolitikk. Den frådelt eigedommen skal knytast til eksisterande vassforsyning/borehol, og vatn er såleis sikra.

Tiltaket skal knytast til nytt felles minirensanlegg med avrenning til heilårsresipient. Miljø og tilsyn i Alver kommune har gjeve førehandsløyve til avløpsløyving. Avløp er såleis sikra.

Utvida bruk av avkjøysle til offentlig veg er godkjendt av vegstyresmakta i Alver Kommune. Lovleg tilkomst til offentlig veg er såleis sikra.

Søkjar har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særkilte undersøkingar. Apm legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

Avtalen om erklæring av vegrett, vassledningar og avløp over gbnr 155/10 av 17.01.2022 skal tinglysast seinast samstundes med fullføring av oppmålingsforetning.

Tiltaket kjem ikkje i konflikt med naturmangfaldlova.

Tiltaket er nabovarsla. Det ligg ikkje føre merknadar frå nabo.

Landbruksavdelinga i kommunen stadfestar at det ikkje er naudsynt med handsaming etter jordlova § 12 og meiner at slik tomten er plassert, ligg den i eit område med fleire frådelt tomtar og det ligg til rette for fortetting mellom desse. Landbruksavdelinga ser ikkje at det vil ha negative konsekvensar for landbruksareala rundt at denne tomten vert delt. Dei har såleis ingen merknader til at det vert gjeve dispensasjon og delingsløyve.

Etter ei samla vurdering ser Apm utvalet at fordelane er klart større enn ulempene ved å gje dispensasjon frå LNF-føremålet og oppretting av ny bustadtomt."

Saksutgreiing med vedtak er vedlagt.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klaga på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Tone Furustøl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Klage på avslag på søknad om dispensasjon frå LNF-føremålet og søknad om oppretting av ny bustadtomt - gbnr 155/10 Monstad

Vedlegg 1 Samtykke

Vedlegg 2 Erklæring

Vedlegg 3 Vannmengde

Vedlegg 5 BKK

Vedlegg 6

Førehandsuttale for avløpsløyving ved delings sak - gbnr 155/10 Monstad

Søknad om løyve til oppretting av ny grunneigedom - gbnr 155/10 Monstad

2 Tiltakshaver Signatur - Tiltakshavers - samtykke

8 - KART - Situasjonsplan - 1183-21 Skissekart

Vedlegg:

4 -Dispensasjonssøknad - Utvida bruk av avkøyrsløse - ny bygning - gbnr 15510 Monstad (Vollom)-kopi.pdf
5 Dispensasjonssøknad - Dispensasjon fra byggegrense - ny bygning - gbnr 15510 Monstad (Vollom)-kopi.pdf
10 - Tegning nytt snitt_1183-21 Romarheim - skissetegning - 10.09.21.pdf
Kommentar til klage - gbnr 155/10 Monstad
Supplement til klage - gbnr 155/10 Monstad
Ref. Førhadskonferanse.
Klage på avslag om dispensasjon og deling - gbnr 155/10 Monstad
Avslag på søknad om dispensasjon og deling - gbnr 155/10 Monstad
Uttale frå landbruksavdeling til søknad om dispensasjon til uttale - gbnr 15510 Monstad
Uttale - gbnr 155/10 Monstad - deling - dispensasjon
Manglende dokumentasjon - gbnr 155/10 Monstad
Skissekart_revA_030222 2
Dispensasjon og løyve til deling - gbnr 355/4 Skjelanger

Kopi til:

Erling Rosnes	Lurevegen 576	5912	SEIM
Harald Romarheim	Lurevegen 601	5912	SEIM
Seim Bygg AS	Nesbrekka 28	5912	SEIM

Mottakarar:

Erling Rosnes	Lurevegen 576	5912	SEIM
Harald Romarheim	Lurevegen 601	5912	SEIM
Seim Bygg AS	Nesbrekka 28	5912	SEIM